

Skaun mållag
v/Espen Tørset
7353 Børsa

Børsa, 20.juli 2012

Kulturdepartementet
Oslo

Om framlegg til endring i *Lov om stadnamn*

Skaun mållag har gjort følgjande vedtak for kommentar til framlegget til endring i Lov om stadnamn:

Det har gjennom all tid vore ansvaret til samfunn og styresmakter å ta vare på dei nedarva gards- og bruksnamna og å gje dei ein forsvarleg skrivemåte. Dette er ei samfunnsplikt. Den noverande stadnamnlova tek etter vårt syn godt vare på dei ulike brukarane, både i lokalsamfunnet og i storsamfunnet.

Om Kulturdepartementet sitt framlegg blir vedtatt, vil vi etter kvart få ei mengd med dobbelformer for same staden som kan forvirre, føre til mistydingar, skape unødvendig strid om skriveforma, og minske respekten for den kulturarva stadnamna representerer. Den foreslåtte endringa av lova vil bryte med den kulturverntanken som er ein berebjelke i den noverande lova.

Skaun mållag vil rå ifrå at ein endrar Lov om stadnamn.

Espen Tørset,
Leiar Skaun mållag